

Vi viser til søknad om deling av gnr/bnr 36/7 og 38/13 i Radøy kommune. Søknaden er dagsett 12/9/2013.

Søknaden om deling inneheld fleire delingssøknadar. I det følgande vert sakshandsama søknad om deling av gnr/bnr 38/13, jfr søknaden **«Parsell nr 5»**:

Saksutgreiing:

Jordlova § 12 Deling:

«Eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet.

Departementet kan gje samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller deling er forsvarleg utifrå omsynet til den avkastning eigedommen kan gi. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja.

Dersom deling ikkje er rekvirert innan tre år etter at samtykke til deling er gitt, fell samtykket bort.»

Helge Dragøy eig gnr/bnr 36/7 og 38/13 i Radøy kommune. Desse vart kjøpt etter tvangssalg med intensjon om tilleggsjord til eige gardsbruk i drift. I og med at desse landbrukseigedommane vart selde på tvangssalg, vart dei selde under eitt. Helge Dragøy har tidlegare hausta grovfor på gnr/bnr 36/7. Jon Olav Helland har hausta grovforet på gnr/bnr 38/13 tidlegare. Helge Dragøy eig frå tidlegare av gnr/bnr 35/19 i Radøy kommune. Jon Olav Helland eig gnr/bnr 38/18, 21, 62, 63 i Radøy kommune.

I denne saka skal framleis drift av areala etter deling være i tråd med føremålet landbruk, natur, friluftsliv. Eininga gnr/bnr 36/7 og 38/13 vil opphøyre som ei sjølvstendig eining. I staden vil eit samtykke til deling føre til at eksisterande bruk vert styrka. Rådmannen finn det er samfunnsinteresser av stor vekt som talar for deling i denne saka. Rådmannen finn i denne saka vil ei deling være forsvarleg utifrå den avkastninga eigedommen kan gi. Deling kan føre til drift- og miljømessige ulemper, men føremunene med ei deling i denne saka vil være av større vekt enn ulempene.

Ein kan gje samtykke til deling når eininga som vert delt ifrå skal bidra til å styrke eit gardsbruk i drift. Det er aktiv drift på gnr/bnr 38/18, 21, 62, 63 som Jon Olav Helland i dag driv og eig. Eit samtykke til deling kan gjevast på vilkår av at eininga vert ført saman med eit gardsbruk i aktiv drift.

Jamfør rundskriv M - 1/2013 skal ein vurdere Jordlova § 9 samstundes som ein vurderar Jordlova § 12.

Jordlova § 9 Bruk av dyrka og dyrkbar jord

«Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal og takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar.»

Føremålet i denne saka er i tråd med føremålet i Jordlova. Føremålet i denne saka er framleis jordbruksproduksjon. Eit samtykke til deling jfr Jordlova § 12 i denne saka vil ikkje være i strid med intensjonen i lova jfr Jordlova § 9.

Vedtak:

Rådmannen gir samtykke til deling av gnr/bnr 36/7 og 38/13 i Radøy kommune.

Vedtaket har heimel i Jordlova §§ 12 og 9.

Vilkår:

Det vert sett som vilkår for samtykke til deling jfr Jordlova § 12 at gnr/bnr 38/13 i Radøy kommune vert lagt til gnr/bnr 38/18, 21, 62,63 i Radøy kommune.